

# Forbøn – Pinsedag 2024

**ML** | Lat oss be for kyrkja og verda.

Evige Gud, vi vender oss mot Deg i takksemd  
fordi du gav oss dette gode landet høgt i nord,  
der sol lyser og regn væter,  
der tre blømer, der frost bit.

Takk for at vi får leve våre liv her,  
under stjernene og nordlyset, i årstidenes gange,  
i den fred og fridom som alle menneske lengtar etter,  
men som mange folk og nasjonar enno må sakne.  
Allmektige Gud, skap fred for alle folk på jorda.  
Gud, vi bed.

**A** | Kyrkjelydssvar

**ML** | Miskunnsame Gud, Jesus Kristus,  
ver hos oss i dag og i alle tider.  
Velsign dei sterke med mot og framtidstru.  
Gi håp til dei som tvilar,  
og omtanke til dei skrøpelege.  
Hald fast på oss i velstandstider  
når vi så lett gløymer å vende oss mot deg.

Ver hos oss når ulykka råkar oss,  
når storm rasar, når havet er i opprør,  
når brann herjar, når jordskred går.  
Vern oss mot den mørke vondskap  
som ikkje kjenner miskunn.  
Gode Gud, gi alle folkeslag på jorda  
den freden dei lengtar etter.  
Hald krigens vonde redsler frå oss,  
og fyll oss med din fred.  
Gud, vi bed.

**A** | Kyrkjelydssvar

**ML** | Gud, Du heilage Ande,  
sjå til oss og ver hjå oss i tider som kjem,  
så vi tar vare på alle dine gåver,  
på den reine lufta, det friske vatnet.  
Gi oss kraft til å rydde bort  
alt som ikkje tener menneska til det gode,  
så morgondagens urter kan bløme  
og nytt liv vekse fram.

Vi bed for \_\_\_\_\_  
som vart døypte i dag,  
for foreldra, fadrane og andre som står dei nær.

Gi oss visdom,  
så vi tek hand om den herlege jorda som vi fekk i eige.  
Hald alltid draumen vår levande  
om ei velsigna framtid, i ei betre verd,  
der alle skapningar ser din kjærleik,  
du som sende Son din, Jesus Kristus,  
så vi skulle få nytt liv ved Han.  
Gud, vi bed.

**A** | Kyrkjelydssvar

**ML** | Treeinige Gud,

Lær oss å leva våre korte liv  
med omtanke for våre born og våre næraste,  
for alle skapningar, for blomar og tre,  
for alt som veks i åkeren og sprett i havet,  
i glede over kunnskapen og vitskapens framgang,  
i truskap mot verdiane vårt land er tufta på,  
og i takksemd for lovverk og rett  
som vi på særleg vis minnes i denne tida.

Lær oss å leva vårt liv i din nærleik.

Hald fast på oss når vår tru er veik  
og vårt mismot stort.

Lær oss å vise alle menneske veg  
til den kjærleik som er sterkare enn døden,  
og før oss mot det evige livet som du har kalla oss til.

Stilt vil vi no leggja fram for deg det kvar av oss har på hjartet.

*(Stille bøn)*

**ML** | Gud, vi bed.

**A** | Kyrkjelydssvar

**ML** | Vi reiser oss og minnest dei i kyrkjelyden vår som det er halde gravferd for sidan sist vi var samla.

*Ein les opp namna på dei døde. Kort stille stund.*

**ML** | Lær oss å telja våre dagar, så vi kan få visdom i hjartet.  
Miskunsame Gud, trøyst dei sørgjande og ver dei nær i tida som kjem.

**A** | Kyrkjelydssvar